



Fylkesmannen i Vestland  
Njøsavegen 2

6863 LEIKANGER

**Dato**

LEIKANGER, 08.05.2019

## **Oppfølging - etablering av eit programstyre for lokalmat og reiseliv**

Vi viser til brev frå oss datert 18. juni 2018, med informasjon om endringar som følgje av rullert verdiskapingsplan, svar frå dykk datert 2. juli 2018, samt orientering i programstyret for infrastruktur i mars 2019.

Ved rulleringa av Regional plan for verdiskaping, i juni 2018 vedtok fylkestinget å legge berekraftarbeidet i reiselivsatsinga inn i ordinært arbeid. Fylkestinget vedtok at det skulle etablerast eit programstyre for lokalmat og reiseliv, Fylkesmannen fekk i brevet datert 18. juni 2018 i oppdrag å etablere eit slikt programstyre. Programstyret skulle leiast av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane si landbruksavdeling, og utarbeidast i dialog med Innovasjon Norge og fylkeskommunen. Ei skildring av det nye programstyret, og korleis arbeidet var tenkt lagt opp, var planlagt lagt fram for hovudutval for næring og kultur på nyåret 2019. Frist for å levere ei skisse for arbeidet var 1. november 2018.

I brev datert 2. juli 2018 gav de tilbakemelding om at ei ny satsing innan lokalmat og reiseliv må skje i regi av det nye embetet for Vestland som var under etablering. Det var difor ikkje mogleg å levere avklaringar innan 1. november 2018.

I etterkant har assisterande landbruksdirektør presentert tankar for innhald i ei satsing på møte i programstyret for infrastruktur i mars 2019.

Det synest klart at Vestland fylkeskommune må ha ei satsing på lokal mat og drikke framover. Men innhaldet i satsinga er det for tidleg å seie noko om. Med ein noko uavklart situasjon både med tanke på oppgåveroverføring i samband med regionreforma, og trong for nye strategiar i Vestland fylkeskommune meiner vi det ikkje er naturleg å etablere eit fast fora eller legge strategiar innan lokal mat og drikke for ein lengre periode no. Det er sjølv sagt positivt at fylkesmannen vil jobbe med lokal mat og drikke framover, men vi må få kome attende til vidare arbeid og organisering i dialog med dykk. Oppdraget frå juni 2018 blei gitt for Sogn og Fjordane med utgangspunkt i Regional plan for verdiskaping for Sogn og Fjordane, og ei framtidig satsing må gjelde Vestland og forankrast i ein ny plan som gjeld Vestland.

Vi legg til grunn at fylkesmannen vidarefører sitt gode engasjement innan lokalmat i 2019, men at det ikkje vert lagt føringar for arbeidet i 2020 utan at dette er drøfta med dei aktuelle fylkeskommunane som no går saman i Vestland fylkeskommune.

Med helsing

Endre Høgalmen  
ass. fylkesdirektør

Kristin Arnestad  
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Kopi til:

Programstyret for infrastruktur  
Anne Silje Sylvarnes, NKA  
Hordaland fylkeskommune ved landbruksansvarleg